

Sak 26/18. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2019

**Saksopplysning/vurdering:**

Fjellstyret må innan den 15. november (har fått utsett frist) senda inn oppsynsbudsjett til Statskog SF for godkjenning. Dette budsjettet skal omfatta alt refusjonsgjevande arbeid, d.v.s. arbeid for fjellstyret - administrativt arbeid og feltarbeid på statsallmenningsgrunn i Aurland. Framlegg til budsjett ligg ved. Dette er ført i samsvar med Statskog sine retningslinjer, og byggjer m.a. på rekneskapstala for 2016 og -17 og budsjettet for inneverande år. Det vert lagt opp om lag den same bemanninga og timetalet som i 2018. Av samla timetal er det berekna at 1900 timar (omlag 1 årsverk) er tilskotsgjevande arbeid for fjellstyret, og 3100 timar er tenestetal til andre, som SNO, NINA. Lærdal kommune, Villreinutvalet og Aurland Setjefisk BA.


Rekneskapstala for 2016 syner at timeprisen for fjellstyretilsette dette året vart kr. 410, medan rekneskapen for 2017 synte ein timepris på kr. 374. I den vidare utrekninga har eg teke utgangspunkt i oppsynsbudsjettet for 2018 med ein timepris på kr. 439, og lagt til 2 % på denne. Eg kjem då fram til ein berekna timepris for 2019 på kr. 448.

Summen ein kjem fram til i rubrikken «Sum tilskuddsberettiget arbeid» på skjemaet er grunnlaget for utrekning av det statlege tilskotet til fjelloppsyn i statsallmenning, ut frå ordlyden i § 36 i Fjellova. Tilskotssummen kan tilsvare inntil 50 % av kostnaden, men er avhengig av kva som vert den reelle løyvinga i statsbudsjettet. Det normale er at tilskotet har vorte noko avkorta etter Statskog SF sin gjennomgang av rekneskapstal og timetal for refusjonsgjevande arbeid. Fjellstyret har fått signal om at Statskog, i samråd med fjellstyresambandet, vil tilgodesjå fjellstyra som ligg i «skrantesjukesona,» når tilskotet skal fordelast.

**Framlegg til vedtak:**

Det framlagde oppsynsbudsjettet for 2019 vert godkjent og oversendt Statskog SF.

Fjellstyrekontoret, den 5.11.18

  
Harald Skjerdal

# Budsjett for tilskudsberettiget arbeid

## Budsjett for tilskudsberettiget arbeid

Ar:	2019
Statsallmenning:	Aurland søndre og Aurland nordre
Fjellstyre:	Aurland
Samordning med:	

Arbeidsoppgaver:	Budsjett Timer 2019	Budsjett Timepris 2019	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Regnskap Timer 2017	Regnskap Timepris 2017	Regnskap 2017
Oppsyn (informasjon, kontroll, tilsyn)	500	448	223 890	219 500	266	375	99 617
Skjøtsel / ikke inntektsbringende utearbeid	300	448	134 400	131 700	275	375	103 125
Faglig saksbehandling	300	448	134 400	131 700	214	375	80 250
Annet tilskudsberettiget innarbeid	800	448	358 400	351 200	870	375	326 250
Reise diett & andre tilskuddsb. kostn Beskriv i særlige merknader			150 600	150 600			109 000
<b>Sum tilskudsberettiget arbeid</b>	<b>1 900</b>		<b>1 001 690</b>	<b>984 700</b>	<b>1 625</b>	<b>374,00</b>	<b>718 242</b>
Arbeid for fjellstyret, ikke tilskudsberettiget	30				22		
Arbeid for andre	3100				3375		
<b>Sum timer</b>	<b>5 030</b>				<b>5 022</b>		

Særlige merknader: Reise, diett og andre tilskotsgevande kostnader er sett lik summen av dette i budsjettet for 2017.

Dato: 5/11 2018

Signatur  
(leder - oppsyn/sekretær/daglig  
leder) ..... Harald Skjerdal, (dagleg leiar)